



Innst. O. nr. 46

(2005-2006)

Innstilling til Odelstinget frå helse- og omsorgskomiteen

Ot.prp. nr. 45 (2005-2006)

Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om lov om endringar i lov 9. februar 1973 nr. 6 om transplantasjon, sykehusobduksjon og avgivelse av lik m.m. (forlenging av mellombels forbod mot xenotransplantasjon)

Til Odelstinget

SAMANDRAG

Helse- og omsorgsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endring i lov 9. februar 1973 nr. 6 om transplantasjon, sykehusobduksjon og avgivelse av lik m.m., slik at det mellombels forbodet mot xenotransplantasjon (overføring av levande biologisk materiale frå dyr til menneske) blir forlengd med eitt år, fram til 1. januar 2008.

Det blir i proposisjonen uttala at det etter to år med positiv utvikling for transplantasjonsverksemda i 2005 var ein nedgang i talet på realiserte donasjonar. I 2005 blei det realisert 76 donasjonar, mot 90 realiserte donasjonar i 2004. Dette førte til at det i 2005 blei utført færre transplantasjonar enn i 2004 (totalt 328 organ mot totalt 365 organ). Det er framleis lange ventetider på transplantasjonar.

Spørsmålet om xenotransplantasjon har tidlegare vore handsama i ei rekke stortingsdokument, mellom anna Ot.prp. nr. 49 (2003-2004) der det vart gjort greie for tidlegare stortingsbehandling knytt til xenotransplantasjon, framlegget i NOU 2001: 18 Xenotransplantasjon, rettsstilstanden nasjonalt og internasjonalt og for den faglege utviklinga på feltet. I Ot.prp. nr. 49 (2003-2004) gjorde departementet framlegg om at det dåverande mellombels forbodet mot xenotransplantasjon som gjaldt til 1. januar 2005, skulle bli forlengd med tre år fram til 1. januar 2008.

Ved handsaminga av Ot.prp. nr. 49 (2003-2004), jf. Innst. O. nr. 85 (2003-2004), vart det vedteke å forlengje det mellombels forbodet mot xenotransplantasjon fram til 1. januar 2007.

Fleirtalet (Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet) gjorde òg følgjande framlegg som vart vedteke:

"Stortinget ber Regjeringen om å utarbeide ny lov om xenotransplantasjon, basert på Europarådets retningslinjer av 19. juni 2003, ut fra målsetningen om at loven skal tre i kraft fra 1. januar 2007."

Det blir i proposisjonen vist til at spørsmålet om lovregulering av xenotransplantasjon er omtala i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006) der det vert vist til at Helse- og omsorgsdepartementet sitt rådgjevande interimsorgan for xenotransplantasjon i lys av den faglege utviklinga på feltet meiner at det ikkje er naudsynt å ha ei permanent lovregulering på plass så tidlig som 1. januar 2007. Interimsorganet meiner at xenotransplantasjon ikkje vil bli tatt i bruk i stort omfang i nær framtid, verken til klinisk utprøving eller til klinisk bruk.

Det vart i omtalen av dette temaet konkludert slik i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006):

"Regjeringen foreslår derfor å forlengje forbudet mot xenotransplantasjon fram til 1. januar 2008 og vil fremme en egen odelstingsproposisjon for Stortinget med forslag til nødvendig lovendring i transplantasjonsloven."

I samsvar med dette foreslår departementet i proposisjonen at transplantasjonslova vert endra slik at det mellombels forbodet mot xenotransplantasjon blir forlengd med eitt år, fram til 1. januar 2008.

Departementet ønskjer å vidareføre ordninga med eit interimsorgan for xenotransplantasjon som skal fungere som eit rådgjevande ekspertorgan for

departementet fram til det er utarbeidd ei permanent lovregulering av feltet.

Det vert uttala at dersom det før 1. januar 2008 blir sett i gang klinisk utprøving eller utvikla behandlingsformer i utlandet som også norske pasientar ønskjer å ta del i eller dra nytte av, vil departementet vurdere behovet for å gjere særskilde unntak frå det mellombels forbodet.

Forslaget kjem ikkje til å få økonomiske eller administrative konsekvensar. Utgiftene knytte til å vidareføre Helse- og omsorgsdepartementets interimorgan for xenotransplantasjon blir dekte innanfor rammene for departementet.

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jorodd Asphjell, Jan Bøhler, Sonja Mandt-Bartholsen, Gunn Olsen og Dag Ole Teigen, fra Fremskrittspartiet, Jan-Henrik Fredriksen, Vigdis Giltun og lederen Harald T. Nesvik, fra Høyre, Inge Lønning og Sonja Irene Sjøli, fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, fra Kristelig Folkeparti, Laila Dåvøy, fra Senterpartiet, Rune J. Skjælaaen, og fra Venstre, Gunvald Ludvigsen, slutter seg til Regjeringens definisjon av xenotransplantasjon: Med xenotransplantasjon menes overføring av levende biologisk materiale (celler, vev eller organer) fra dyr til menneske, men det kan også være at humane kroppsvæsker, celler eller vev utenfor kroppen har kontakt med levende celler, vev eller organ fra dyr.

Komiteen merker seg at Regjeringen ønsker å forlenge forbudet med ytterligere ett år, til 1. januar 2008.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Venstre, viser imidlertid til synet til flertallet, bestående av Arbeiderpartiet, Socialis-

tisk Venstreparti, Senterpartiet og Fremskrittspartiet, i Innst. O. nr. 85 (2003-2004), hvor merknaden lyder:

"Flertallet mener det bør være mulig å utarbeide en egen norsk lovgivning på området innen en tidsramme på to og et halvt år, og at dagens lovforbud mot xenotransplantasjon som en konsekvens av dette forlenges frem til 1. januar 2007."

Flertallet har merket seg at regjeringspartiene som den gang var en del av flertallet, mener det er behov for å bruke mer tid på å utarbeide en ny norsk lovgivning på dette området. Flertallet forutsetter at arbeidet med en ny norsk lovgivning er godt i gang, slik at en ny lov kan være på plass 1. januar 2008.

Komiteen slutter seg til Regjeringens syn når det gjelder behovet for å sikre en god regulering for bruk av dyr til xenotransplantasjon.

Komiteen slutter seg på denne bakgrunn til Regjeringens ønske om å utvide det midlertidige forbudet til 1. januar 2008.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Tilrådinga vert fremja av ein samrøystes komité.

Komiteen viser til proposisjonen og merkna-dene og rår Odelstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om endringar i lov 9. februar 1973 nr. 6 om transplan-tasjon, sykehusobduksjon og avgivelse av lik m.m.

I

I lov 9. februar 1973 nr. 6 om transplantasjon, sy-kehusobduksjon og avgivelse av lik m.m. skal § 15 andre ledd lyde:

§ 6 a opphører å gjelde 1. januar 2008.

II

Lova trer i kraft straks.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 16. mai 2006

Harald T. Nesvik

leiar og ordførar